

## Bekymringsmelding om jervebestanden i Skjåk kommune

I år slepte vi 110 søyer og 210 lam. På ein beitesesong på knappe to månader mista vi 25 lam og to søyer. Det er ei pine å sleppe sau om våren når vi veit at det er så mykje jerv i områda som det er no.

Den 22.august 2020 blei det observert ei tisper med tre kvalpar ved Glittervatnet av oppsyn og reinsjegerar. På same tid i Søverdalen observerte ein jeger ei tisper med to kvalpar der.

27.august blei det sett to jerv på ei snøfonn sør for Hellstuguvatnet. Frå reinsjakta starta 20.august, og langt ut i jakta tikka det inn meldingar nesten kvar dag om observasjonar av jerv frå jegerar som jakta i området der vår sau beiter.

Summen av bekymring frå tidlegare år, og det som bygde seg opp gjennom summaren vart tøft å handtere. Desse meldingane vart ei stadig påminning om kor nært beitedyra jervekulla lever. Mot hausten iverksette vi tiltak som tidlegsanking med ein gong vi byrja å få meldingar om jervobservasjonar.

Dette er fortvilande når vi tidlegare har opplevd å måtte forlate store beiteområde på solsida av dalen på grunn av den same problematikken. Etter mange beitesesongar på starten av 2000-talet måtte vi slutte å ha sauene i Raudalen på grunn av jerv. Dette er store område som no veks att fordi det er så lite beitetrykk. Det tek tid å endre beiteområde til husdyr på denne måten. Gode søyer som kjenner områda godt, og oppsøker desse sjølv om dei blir plassert i andre område må bli slakta ut av flokken, og vi må byggje opp ein ny god beiteflokk.

Etter å ha observert baksida i Raudalen ei god stund fann vi ut at det hadde godt grunnlag som beiteområde, og bestemte oss for å prøve på nytt. Vi sette i gang den omfattande prosessen å endre beiteområde enno ein gong. Dette blei eit meir avgrensa område sauene kunne bevege seg på. Elva Holåi sperra mot vest, fjellhamrane mot sør, Raudalsvatnet mot nord, og vi sette opp eit sperregjerde mot øst. Med sperregjerde, utplasserte saltsteinar, og hyppige tilsyn, la vi til rette for å kunne halde dei på eit område. Vi har brukt mykje tid på å leite etter kadaver når vi har observert at det mangla lam, men klarte ikkje å finne att eit einaste kadaver. Vår oppfatning er at sauene må bli jaga opp mot fjellhøene, og rundt sperre gjerdet. Dette kan vera grunnen til at kadavera er svært vanskelege å finne, både i fjella, men kanskje spesielt i skogsområda.

Dei kjem ned i bygda eller beveger seg i område dei ikkje skal opphalde seg i. Dette skapar ein uroleg flokk. Det fører til at flokken ikkje held seg i ro, og utnyttar beitepotensialet. Dyra

legg ikkje på seg slik dei skal gjere på grunn av dette stresset. Når jerven jakter på flokken på denne måten blir dei skild, og lamma kjem frå mødrene. Desse lamma blir skraplam da dei ikkje får i seg nok næring. Dette ser vi før og under sankinga. Da kjem søyer heim med for få eller for mange lam. Både lam og søyer kjem også åleine.

Etter å ha fått dei fyrste meldingane om observasjonar av jerv frå reinsjegerane blei tidlegsanking iverksett. Slik som tilstandane rundt jervebestanden er, blir det ei stor belastning å ha dyr på utmark. Det er utfordrande når ein jobbar hardt med å legge til rette for at beitesesongen skal bli så god som mogleg, slik at vi skal få attende ei tilfreds og sunn sauebesetning. Ein legg inn fleire dagar med kontroll og observasjonar gjennom sesongen, men likevel blir det teke fleire dyr på dei månadene dyra er på utmark. Det er vanskeleg å sjå på at flokken kjem attende urolege og slanke etter ein sesong ute.

Det er også trist at ein ikkje skal få utnytta tilgjengelege naturressursar berre på grunn av at rovdyr bestanden er så stor. Sau gjer ein viktig innsats i klimakampen ved å halde landskapet opent, og dermed gi større snøflater om vinteren. Slike beiteområde er nokon av dei beste områda til karbonbinding. Beitedyr legg til rette for biologisk mangfald, noko som gjer at jordsmonnet får stor kapasitet til å lagre klimagassar. Sau på utmark vil derfor være premieeksempelet på landbruket i eit grønt skifte, og det vil være negativt for bransjen om saueprodusentane måtte gi opp utmarksbeiting på grunn av ein ukontrollert jervebestand.

I tillegg til dette er beitinga i utmark også til fordel for lokalbefolkning og turistar, da det har opna opp eit heilt nytt turområde på baksida i Raudalen. Sauen har trakka stigar og rydda skog, til både korte og lange turar i fine fjellområde.

Jervejegerane har ikkje observert så mykje spor etter jerv nokon gong som no. Det er observert mange kryssingar over veg, og det har også vore gjort observasjonar på viltkamera.

Jegerane har konkrete ønskje til kva dei meiner kan være effektivt i jakta.

1. Det fyrste dreier seg om å flytte jakta til 20.august, og ha ho fram til 15.februar. Ønsket om å ha jakta så tidleg er grunna i alle observasjonane vi hadde under reinsjakta no i haust. I ei slik periode får ein inn observasjonar frå store område, noko som kan føre til meir målretta og berekraftig uttak av jerv som er over bestandmålet.
2. Når åta er utanfor allfarveg ynskjer jegerane også å få innvilga skuterløyve. Dette er for å utnytte jakttimane. Jervejakta som foregår på vinteren er også utfordrande på

grunn av snøforhold. I tillegg kan ein ikkje brøyte inn til åta fordi ein gjerne vil unngå konflikt mellom skiløyparar og jegerane.

3. Det siste punktet gjeld forsøk på å ta ut jerv som er over bestandmåla med helikopter. Dette vil være ei løysing som er meir effektiv, og mindre ressurskrevjande i lengda. Det er eit ynskje om at SNO skal være meir tilstades gjennom heile året, både ved hjelp av slik jakt, og å være med på kadaverleiding om summaren. Jerven lev eit liv gjennom heile året, ikkje berre i februar, mars og april. Derfor er det viktig at SNO tek ansvar og viser at dei også er tilstade i desse situasjonane.

Frå snøen kom og fram til jul har det vore observert 4 jerv i Bråtå, og nokre helger er det observert 3 jerv i Lundadalen. Vi opplever at dette blir for høgt trykk av jerv i forhold til områda som er tilgjengeleg. Sist det var uttak i Skjåk var 13.januar 2017, etter dette har bestanden auka sakte men sikkert. Mellom 12 og 14.februar var det jerv som gjekk mellom Tundramoen og Uppnåse, og i Poll-lia. Dette viser at dei har byrja å kome langt ned i bygda, og nærme busetnad. Det opplevast som vanskeleg at dei kjem så nær, spesielt når vi har sau som er ute heile året.

Etter jul var det roleg, med lite observasjonar. Sist i januar og fram til jakta slutta, auka aktiviteten att, og ein kunne observere mange kryssingar av vegar.

Vi har forståing for at fjella er for alle, også rovdyra. Likevel er det viktig med ei god rovdyrforvaltning dersom ein skal kunne nytte fjellområda. Vi ynskjer at rovviltbestanden skal harmonere meir med beitepotensial. Når det går så hardt utover sauebestanden i Skjåk som det gjorde summaren 2020 må det gå ei grense. På eit tidspunkt blir det rett og slett for mykje, og ein klarer ikkje å fortsetje. Mange har gjeve seg med sau nettopp av denne grunn, og det er veldig leit med tanke på alle beiteområda som veks att. Det er viktig for oss å produsere mat på ein måte som bruker natur og ressursar på ein slik måte at vi med stoltheit kan gjeva frå oss jorda til framtidige generasjonar. Mistar vi sau i fjella så mister vi også ein stor del av yrkesstoltheita og den skånsame måten å produsere godt og smakfullt kjøtt på. Her må ein finne ein balansegang mellom rovdyr og beitedyr som ikkje finnes i dag.